



Statsforvaltaren i Vestland  
Statens hus  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 23/497 - 23/6131

Sakshandsamar:

Jan Kvingedal

jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

26.06.2023

## Oversending av søknad for uttale - Søknad om dispensasjon frå plan - oppføring av mindre fritidsbustad - gbnr 5/24

### OVERSENDING AV SØKNAD TIL UTTALE EKSTERNE

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå planformål og for byggjegrænse mot sjø for oppføring av fritidsbustad på inntil 50 m2 på gbnr. 5/24, Kjeøy, i Masfjorden kommune.

#### Planstatus

Området eigedommen ligg i er i kommuneplan for Masfjorden 2018-2030 avsett til LNF- området


#### VURDERING

##### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå planformål og frå §1-8 i pbl, byggjegrænse mot sjø. Tiltakshavar ynskjer å søkja og få innvilga dispensasjon til oppføring av fritidsbustad før tiltaket vert tegna ut og nabovarsla sendt og det vert søkt om igongsetjingsløyve.

Tiltaket er skilda som fritidsbustad på inntil 50 m2 med avstand til nærmaste nabo på 4 m og 40 til sjø. Det vert vidare opplyst at tiltaket vil liggja på på cote 10-15 m.o.h. og vert lite synleg for omgjevnadane. Søkjar seier at plassering har liten og ingen påverknad på den funksjonelle strandsona.

Eigedommen ligg i eit området som er registrert som eit viktig friluftsområde. [Naturbase faktaark](#)



Omsøkt tiltak er merka med raud kryss.

Kommunen har tidlegare valgt å gje dispensasjonar ved søknad om tilbygg/ endringar på allereie etablerte tiltak i LNF- område og innanfor 100 m grensa mot sjø, når ein har vurdert at omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd. Det har ikkje vore praksis å gje løyve til nye tiltak.

Det vert opplyst i søknad at tilkomst til eigdommen vil skje via allereie etablerte brygger.

Tiltaket var ikkje korrekt nabovarsla då kommune først mottok søknad, men no er det vurdert at alle aktuelle naboar har fått lovleg nabovarsel. Det er ikkje kome innspel frå nokre av naboane.

## **Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Jan Kvingedal  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

### **Vedlegg:**

Tilleggsopplysningar til søknad om dispensasjon frå plan - gbnr 5/24

Førebels tilbakemelding - Søknad om dispensasjon frå plan - gbnr 5/24

Søknad om dispensasjon frå plan - oppføring av mindre fritidsbustad - gbnr 5/24

Kvittering for nabovarsel

Kart gbnr 5/24

### **Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland  
Vestland fylkeskommune

Njøsavegen 2      6863  
Postboks 7900      5020

LEIKANGER  
Bergen